

11.08.2009

Er det liv i den nye Julegrana?



Den nye Julegrana ser pjuskete ut før det er gått tre månader i ny jord i Uskedalen sentrum. (Foto: Torfinn Myklebust)

Uskedalen fekk seg ny Julegran 17. mai i år. Sjølvaste ordførar Synnøve Solbakken stod for plantinga i nedkanten av den gamle skuleplassen.

No skulle bygda vere sikra ei fin, ny Julegran sidan den nesten lanskjente Julegrana skranta - noko som enkelte trudde kunne gå mot slutten av tida som julemerke for Uskedalen.

Det vart leita godt av Uskedal Musikklag sine ivrigaste sjelar, som har stått for den årlege pyntinga av grana, etter ny, ung, sprek gran i fleire plantefelt.

Til slutt vart det funne ei godt høvande gran, og som høgtidssamt vart sett i jorda på nasjonaldagen.

Men for oss som dagleg har gått forbi den 'nye' grana, har vi etter kvart sett at grana har skranta, vorten brunare i fargen og fått lausare nåler, og no ser pjuskete ut.

Greier grana overleva?

Lever grana?

Korleis går det med ho?

Må ordføraren på ny koma til Uskedalen for å vera med på planting av endå ei ny gran?

Det kan vera spørsmål!

Det ser spøkje ut for grana!!!

Av Torfinn Myklebust